



# TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET | OSLO  
NORDAHL BRUNNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 3

2013

ÅRGANG 28



*Bygdelagsstemnet på  
Folkemuseet  
2. juni 2013*

[www.bls.no](http://www.bls.no)

## No sprett knuppene – og sevja stig...

Sein vår i år, men du verda for eit drivande ver når det no fyrst losna; med mildver og regn – og ei rekkje kulturhendingar både i vårt lag og leikarringen og i nærskylde lag og tiltak. Mykje har alt hendt, som “**Åtgaum**”, samling på Nordfjordhytta og det som er omtala i denne avisa. Og meir kjem:

- **Bygdelagsstemna** på Norsk Folkemuseum på Bygdøy **sundag 2. juni** frå kl. 11.30 til 17 er det store i nær framtid. Bygdelagssamskipnaden (BLS), som Sogn og Fjordanelaget er ein del av, fyller 90 år og vil feira det spesielt på stemna i år, program står midt i bladet. Ringen skal dansa framsyning, og det vert feiring med kake og kaffi. Sjå førebels program i denne avisa.
- Same dagen, 2. juni kl. 19 er det **kulturkveld i Maridalen kirke**, der Arnhild Skre fortel om forfattar- og kulturparet Hulda og Arne Garborg, sjå eiga side lenger bak i bladet.
- Og så er alle lag og ringar innbedne til å vera med på å feira **Bøndernes Hus 100 år, med stor gatefest i Rosenkrantz gate laurdag 8. juni**. Det er Bondeungdomslaget, det desidert største laget i BLS, som eig bygarden der m.a. Teatersalen, Kaffistova, Bondeheimen hotell og Heimen Husflid held til – og der Det Norske Teatret starta si verksemd for 100 år sidan.
- **Tysdag 11. juni** har elles ringen si sommaravslutning, brukar vera godt program og god mat.

### Klubbefesten

Så kan me allereie røpa at **akkordeonvirtuosen Linda Gytri** frå Oldedalen kjem og trakterer trekkspilet på Klubbefesten 2. november. Og er me heldige, har ho med seg *Dag Vanberg*, ein framifrå diktlesar, både av Jakob Sande og Elling Vanberg. Så set av laurdag 2. nov. alt no!

Det vert arbeidt vidare med å få Sunnfjordhytta i stand til gjenopning til hausten. Fylg med på nettsidene våre: <http://www.sognogfjordanelaget.no/> og <http://www.sognogfjordaneringen.no/>

*Alv Reidar Dale*  
Lagsleiar

## Bygdelagsstemne med stemning

Folkemuseet på Bygdøy søndag den 2. juni

Stemnet finn stad inne på Folkemuseet, i dei vakraste omgjevnader ein kan tenkje seg for eit slikt høve. Dette har lang tradisjon, og vert i år den 64. gongen at vi er der. Som vanleg dagen lang for den som vil. I år vert det også markert at Bygdelagssamskipnaden (BLS), som er eit fylkeslag i Noregs Ungdomslag, fyller 90 år. Så her vert det også historisk stemning.

Helsing Tone Eid



Ringen svinger seg i Setesdalstunet under stemnet i 2004. Foto: Tone Eid.

### VELKOMMEN TIL SOMMERAVSLUTNING I SOGN OG FJORDANERINGEN

den 11. juni kl. 19 i Storsalen. Det vert servert sommarsalat, kaker og kaffe. Solvor og Edvin står for musikken, og Vebjørn leiar dansen. Kr. 50, pr. person. Kom og vert med på ein hyggeleg førsommarmarkveld.

Helsing komiteen

## *Bygdelagsstemnet på Folkemuseet 2. juni 2013*



*Bygdelagssamskipnaden*  
[www.bls.no](http://www.bls.no)

## **PROGRAM FOR BYGDELAGSSTEMNET PÅ FOLKEMUSEET søndag 2. juni 2013**

### **TORGET**

1130 - 12.00 **Symra** - Stildans musikk frå CD-spelar  
1245 Oppmøte med faner Stemnetog  
1300 Stemnetog går frå Torget til Festplassen

### **FESTPLASSEN**

1315 Opning av program på scena v/leiar i BLS Anne-Lise Berggren  
1320 -1325 **Symra** Stildans / Solvor Sundsbø  
1325 -1350 **Barnelaget i BLS** - Minstegruppa, Mellomgruppa og Størstegruppa  
1350 - 1400 **Barnelaget i BUL** - BUL Young og BULder og brak - halling  
1400 - 1415 **Barnelaget i BUL** - Frå ide til Framsyning

### **1415 - *Piknik på Festplassen med høve til grilling***

#### **TELEMARK**

1430 - 1500 **Symra/Solvor Sundsbø**  
1500 - 1530 **Telelaget/Elizabeth Gaver?**

#### **NUMEDAL**

**Hordaringen/Edvin Øen?**  
**Rundsnuen/Edvin Øen**

#### **SETESDAL**

1440 - 1510 **Leikarringen i BUL/?**  
1510 - 1540 **Sogn og Fjordaneringen/Solvor Sundsbø**

#### **TORGET / HALLEN**

1530 - 1630 Fellesdans m/stordans, runddans, turdans, songdans og rekkedans  
Dagfinn Aaen / Solvor Sundsbø

#### **PLATTING VED TORGKAFEEN**

1540 1630 Bygdedans fra Valdres, Hallingdal og Numedal

1630 Kaffè og kake (Sted blir annonsert)

***Østerdølenes Spelemannslag spelar 1700 - 2000  
på Festplassen (Værforbehold)***

*Bygdelagssamskipnaden vil takke  
Norsk Folkemuseum,  
som i 64 år - sidan 1949 - har late oss få skipe til  
det tradisjonsrike Bygdelagsstemnet  
på museet sitt område!*

### ***Oppstilling stemnetog frå Torget til Friluftsteateret***

BLS-fane  
Hest og kjerre  
Barnelaget i BLS  
Barnelaget i BUL  
Leikarringen i BUL  
Sogn og Fjordaneringen  
Symra  
Songdanslaget  
Hordaringen  
Telelaget  
Hallinglaget  
Valdreslaget  
Numedalslaget

***I tillegg til dei oppsette tidspunkta er det fritt fram å danse og  
spele i tuna og på museet for dei som ønskjer det!***

***Vi ønskjer alle ein triveleg dag!***

***I tilfelle regn flyttar arrangementet innandørs i eigna lokale***

**Vel møtt på  
Folkemuseet !**



**BLS** BYGDELAGS-  
SAMSKIPNADEN  
FYLKESLAG I NOREGS UNGDOMSLAG

## Arne og Hulda Garborg i Maridalen kirke **søndag 2. juni kl. 19.00**



FOTO: Ukjent, fra nettet



Kulturkveld om **Hulda og Arne Garborg** i Maridalen kirke:

- Foredrag ved forfatter *Arnhold Skre*, som nokså nyleg har skrive bok om Hulda Garborg, ei allsidig kvinne

- Skodespelar *Tone Ringen* syng og les dikt av Arne Garborg
- Musikk ved pianist *Torhild Fimreite*
- Maridøl *Gunnar Bjune* held minikåseri
- Kaffi og kaker på kyrkjebakken
- Inngangspengar: kr. 100

Arrangør: Oslo mållag og Maridalen menighet

# “Røros-leken” – ei stor oppleving i år også!

Helga 3.–5. mai gjorde 25–30 stykke frå Sogn og Fjordaneringen og -laget – og nokre nærskyldte – turen til Røros, som i fjor, og like vellukka var det. Største æra for det skal **Svein Aasen** ha, han organiserte heile opplegget og hadde ein stor jobb med å få tur- og overnattingskabalene til å gå opp!



FOTO: Alv Reidar Dale ©

*Dei Røros-reisande frå Oslo samla før heimferda. I år som i fjor hadde me Hogne Tellnes som sjåfør på Valdresbussen til Røros. Og han hadde med seg både dottera Marte og kona Bjørg, som saman med Edvin Øen, Hilde Tannum og Thor Hauknes sytte for levande musikk på turen både opp og ned. Dei vart døypte “Baksetelaget” undervegs.*

Fredagskvelden me kom opp, tok me inn på Ertzscheidergaarden, eit særstreveleg gammalt hotell, og fekk ein makelaust god middag, elghakk, før det bar på dans, mest pols, til musikk frå Småviltlaget, ein god start på helga.

Laurdagen vart det handla litt og dagdansa i Sangerhuset. Om kvelden gjekk den store, klassiske leikfesten av stabelen i samfunnshuset på Glåmos. Med full middag, allsongar, allslags leikarringdans og musikk av Grenselaget, og eit kakebord som stiller sjølv det flottaste brudlaup i skuggen. Og sundagen var det dagdans att i Sangerhuset, til me tok på heimveg...

*Alv Reidar D. var med*

## EN VELLYKKET 17. MAI-FEIRING



Foto: Svein Aasen.

Dansen gikk med "liv og lyst" da Sogn og Fjordaneringen danset i Bærum 17.mai. Vi var på det meste 20 dansere. Solvor spilte og Dagfinn ledet dansen. I over 50 år har vi fulgt denne tradisjonen og danset på fem forskjellige institusjoner; Mariehaven, Dønski, Vallerhjemmet bo- og behandlingssenter, Martina Hansens hospital og Spesialsykehuset for epilepsi.



Foto: Tone Eid.

Vi ble ønsket velkommen på alle stedene og de sier at det blir ikke 17. mai uten besøk av leikarringen. Virkelig en hyggelig måte å feire 17.mai på for oss alle.

Tone Eid

## PROGRAM FOR VÅREN 2013

Tilskippingane vert i Storsalen og Halli mm. i Nordahl Bruns g. 22, dersom ikkje anna er sagt. Vi tek atterhald om endringar.

Følg med på <http://www.sognogfjordanelaget.no/> og <http://sognogfjordaneringen.no>

Kvar tysdag Kl. 18–22 folkedansøving i Storsalen.

17. mai Ringen dansar på helseinstitusjonar i Bærum

Helga 25-26/5 Rekeselskap på Nordfjordhytta

Søndag 2/6 Bygdelagsstemnet

Tysdag 11/6 Sommaravslutting i ringen

### Lagsavisa - fristar mm.

Førebels frist for innsending av stoff til den neste er **13/8**. Utsendinga vert om lag ei veke etterpå. Nemnda er takksam for stoff til bladet. Så langt råd er ønskjer vi det sendt som e-post til [agnar.kvallestad@nvh.no](mailto:agnar.kvallestad@nvh.no). Alternativt til Agnar Kvallestad, Olaf Bulls vei 14C, 0765 Oslo. Ev. kontakt oss på tlf. Bilete er velkomne; helst digitale, men tek også imot papirkopiar. Spørsmål kan rettast til Agnar Kvallestad (tlf.nr. på baksida), Ragnvald Halset eller Elin Lovise Folven Gjengedal.

### VIKTIG MELDING – MEDLEMSPENGAR:

Det vart rett før påske sendt ut e-post til alle me har slik adresse på, med oppmoding om å betala medlemspengane, som framleis er 350 kroner i året, innan 15. april. Dei som måtte ha oversett 'kravet' eller har gløymt det, gjer vel og betal inn til laget sin konto **0531 27 71723**. Merk innbetalinga med fullt namn, og kryss av for kvittering dersom du vil ha det.

No vert lagsbladet Tre Fjodar sendt ut berre i digital form til alle laget har e-postadresser til, me bed folk senda inn e-postadressa si til [hilmar@getmail.no](mailto:hilmar@getmail.no), slik at de kan få kunngjeringar med e-post også mellom utgjevingane. Dei som ikkje har slik adresse, får framleis papiravisa.

# A

---

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**  
**Nordahl Brunsgate 22**  
**0165 Oslo**

---

### STYRET

Leiar: Alv Reidar Dale 47 33 18 64 (p) - 22 85 63 48 (a)  
[a.r.e.dale@admin.uio.no](mailto:a.r.e.dale@admin.uio.no)

Kasserar: Hilmar Nummedal 22 68 92 78 (p) - 92 06 72 63  
[hilmar@getmail.no](mailto:hilmar@getmail.no)

### PRESSE & PR

Leiar: Agnar Kvallestad 22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96  
[agnar.kvallestad@nvh.no](mailto:agnar.kvallestad@nvh.no)

### HYTTESTYRET

Leiar: Agnar Hegrenes 22 19 30 89 (p) - 22 36 72 56 (a)  
[agnar.hegrenes@nilf.no](mailto:agnar.hegrenes@nilf.no)

Kontakt Sunnfjordhytta: 21 92 02 05 (p) - 22 36 72 56 (a)  
Andor Gjelsvik  
[andorgj@frisurf.no](mailto:andorgj@frisurf.no)

Kontakt Nordfjordhytta: 67 90 61 34 (p) - 21 09 48 02 (a)  
Dagfinn Aa  
[daa@ssb.no](mailto:daa@ssb.no)

### SOG OG FJORDANDERINGEN

Leiar: Anna-Lise Berggren 67 14 11 95 (p) - 67 14 73 50 (a)  
[alb@geofrost.no](mailto:alb@geofrost.no)

---